

SUNNHORDLAND
FOLKEHØGSKULE

HALSNØY
KLOSTER

50 år

Lars P. Haugland

Ein av dei som gjennom mange år stod Sunnhordland Folkehøgskule nærast var Lars P. Haugland.

Faren var bonde i Uskedalen, ein omframt vaken og drivande kar, men han døydde så tidleg at Lars, eldste sonen, vart nøydd til å ta over garden før han var retteleg vaksen. Odelskaren hadde gode evner og ville gjerne ut og gjera seg fullfør både som bonde og elles, men å koma på skule, det var ikkje så lett den gongen som det er no. Det var knapt både om tid og pengar, så Lars måtte nøya seg med ein vinter på Sunnhordland Folkehøgskule.

Knut Markhus var styrar den gongen. Han hadde eit

sjeldsynt lag med elevane og det fekk ikkje Lars P. Haugland minst godt av. Dei to vart vener for livet, ja meir enn det, dei var mest som far og son. Då Lars etter utruleg mykje strev hadde fått opp den staselege hytta si på Uskedalsfjellet, fylgde Markhus han dit i samfulle fem og tjuge somrar, i lag med eit par andre gode vener. Desse fjellferdene heldt Markhus fram med til han var to og åtti år — då sa doktoren ifrå at det laut vera nok.

Den eine vinteren på Halsnøy gjorde Lars P. Haugland til høgskulemenneske på livstid.

Folkehøgskulen sitt nasjonale program vart djupt rotfest i han, og heimkomen realiserte han til fullnads Grundtvigs menneskeprogram : «Et jevnt og muntert, virsomt liv på jord.»

Han var både «jevn» og «munter» Lars P. Haugland, det var aldri dåvleg der han var med. Og først og fremst var han verksam. Med god hjelp av mor og sysken dreiv han snart garden fram til eit mønsterbruk, og saman skapte dei ein heim som med tida vart vidspurt for trivnad og gjestmilde. Mange er takksame for det denne heimen gav dei.

Men den unge Hauglands-bonden slo seg ikkje til ro med det at han hadde fått innmarka i mønsterstand. Han skjøna snart at skulle dei små skoglause Vestlands-gardane ha noko framtid, så måtte utmarka og gjerast produktiv, og mellom tanke og handling var det aldri langt der i garden. Han gjekk i gang med å planta skog, gran og lerk og fure og det heldt han fram med til all brukande utmark var tilplanta. No står det fleire hundre mål skog på eigedommen hans og vitnar om framsyn og pågangsmot.



Då skogreisingsplanen for Kvinnherad var vedteken, vart Haugland sett til leiar, og betre mann kunne ein ikkje fått. Han var både administrator og agitator. Var det nokon som drog lønsemda av skogreising i tvil, så svara Lars : — Kom inn til meg, så skal du få sjå. Og meir enn ein fekk mot til å gå i gang ved synet av dei teigane Lars hadde planta på eigen grunn.

Elles var det ikkje berre jorda og skogen som låg han på hjarta. Han hadde eit vidt interessefelt. Ved lesnad og på annan måte sank han seg stor kunnskap, og sette mykje inn på å spreia mellom andre den elden som brann i han sjølv. Han vart føraren for den frilynde ungdomen i dalen, gjekk i brodden for reisinga av nytt staseleg ungdomshus og kjøp av idrottsplass. Formann var han både i Uskedalen Ungdomslag og Hordaland Ungdomslag.

Ihuga kooperatør var han og, fordi han meinte at bygdene ville ha bate av å ha hand over sin eigen handel. Han fekk i stand samyrkjelag både i heimbygda og andre bygder, samstundes med at han hadde hendene fulle av kommunale og andre gjeremål.

Men hjartebarnet hans framom alle var den skulen som ein gong hadde staka ut livsleida hans. Var det ei stemne eller eit større møte ved Sunnhordland Folkehøgskule, kunde ein vera viss om å møte Lars Haugland der. I mange år var han formann i elevlaget, og seinare medlem av styret for skulen. Dei åra skulen stod omframt veikt i pengevegen gjorde Haugland mykje lønelaust arbeid der borte. Han stod i med måling og snikring, og knapt nokon la seg hardare i selen for å skaffa skulen elevar, dei åra det trongst.

Romsynt og venesæl var han som fåe. Eit stort og godt menneske som blir djupt sakna av alle som kjende han rett.

Underleg og uventa var det at den dagen han takka av som skogreisingsleiar skulle bli siste levedagen hans. Han stupte på heimvegen frå ein tur til Valen, råka av Artemis milde pil, som dei gamle grekarane sa. Og det høvde for han å døy på heimveg. Han var all sin dag på veg heim.

R a g n v a l d V a a g e